

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FA - C83, TI - &16	15/2539

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
105/2015	Kommunestyret	PS	25.11.2015

## Søknad om fritak frå politiske verv

### Saksopplysningar:

Kommunen har per 21.09.15 motteke skriv frå Dag Erik Hagesæter der han ber om fritak frå politiske verv fram til sommarferien 2016. Søknaden er grunngjeven med helsemessige tilhøve og er dokumentert med lege-erklæring. Dag Erik Hagesæter er 1. vararepresentant til kommunestyret og personleg varamedlem for Øyvind Bratshaug i kontrollutvalet.

### Vurdering

Fritak frå verv i folkevalde organ er regulert i kommunelova § 15. Etter punkt 4 kan kommunestyret etter søknad, fritak for eit kortere tidsrom eller resten av valperioden «*den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.*» Helsemessige tilhøve vert rekna som ei av dei årsakene som gir grunnlag for fritak, og administrasjonen vil difor tilrå at søknaden frå Dag Erik Hagesæter vert innvilga.

For kommunestyret rykkjer vararepresentantar opp i den nummerorden dei er valde. For kontrollutvalet må kommunestyret velje ny personleg varamedlem for Øyvind Bratshaug, der funksjonstida då vert fram til sommaren 2016.

Folkehelse, miljø og økonomi: Ikkje relevant i saka

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret innvilgar Dag Erik Hagesæter fritak frå alle politiske verv fram til sommaren 2016. Som ny personleg varamedlem for Øyvind Bratshaug i kontrollutvalet vert vald.....»

### Kommunestyret - 105/2015

### KS - behandling:

**Framlegg til ny personleg varamedlem i kontrollutvalet:**

Atle Håtuft

**Avrøysting:**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegget til ny personleg varamedlem vart samrøystes vedteke.**

**KS - vedtak:**

«Kommunestyret innvilgar Dag Erik Hagesæter fritak frå alle politiske verv fram til sommaren 2016.  
Som ny personleg varamedlem for Øyvind Bratshaug i kontrollutvalet vert vald Atle Håtuft.»